

# Egenvurdering på emne- og programnivå

Emnenivå: Fylles ut av emneansvarlig

Programnivå: Fylles ut av programstyreleder (fagkoordinator)

Emne/program	NORAN106 Tekstlingvistikk og pragmatikk i andrespråksperspektiv
År	Vår 2022
Emneansvarlig/ Programstyreleder (fagkoordinator)	Ann-Kristin Helland Gujord
Samlet vurdering av gjennomføringen av emnet/programmet	Emnet gjekk på campus, men forelesingane til ein av faglærarane vart strømma (3 stykk). Det var fire ulike faglærarar involverte i undervisninga. Heilt frå starten av var det ikkje særleg godt oppmøte i undervisninga. Det var 17 som tok eksamen (av 25 oppmeldte) og 1 fekk F og bestod ikkje eksamen. Snittkarakter var C.
Emne: Er emnet student-evaluert? Hva kom i så fall fram der?  Program: Funn i eventuelle programsensorrapporter sist år.	Emnet er studentevaluert. Spørjeundersøkinga blei distribuert i Mitt UiB, men det var berre 4 som svarte. 3 av 4 var generelt «ganske fornøyd» med kurset, 1 «verken eller». 3 av 4 var «svært fornøyd» med undervisninga, 1 var «ganske misfornøyd». Kvifor denne studenten var så misnøgd, veit me dessverre ikkje.
Var det noe som ikke fungerte godt nok? Er det behov for å foreta justeringer eller sette inn tiltak for å forbedre emnet/programmet? Hvilke?	Som emneansvarleg og faglærer er det litt vanskeleg å sy dette emnet veldig godt saman. Det er krevjande å finna eit pensum som passar fordi emnet dekkjer tema, som det ikkje er så mykje forska på i norsk andrespråksforskning. Det finst ikkje ei lærebok på norsk (eller engelsk) som diskuterer relevante problemstillingar i eit andrespråksperspektiv. Det gjer at pensum blir litt fragmentarisk, og undervisninga hoppar litt mellom ulike tema. Studentane som har delteke i spørjeundersøkinga, har ikkje rapportert at dei syns det manglar ein heilskap i kurset, eller at dei er misnøgde med pensum. Men dette baserer seg berre på fire svar.
Andre kommentarer eller innspill	